
Saksnr: 2023/82951-5
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Saksgang

Utvæl	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		28.05.2024
Fylkesutvalet		05.06.2024

Etablering av forprosjekt Jon Fosse-senter/Fosse-stiftinga**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet tek orienteringa om forprosjekt for Jon Fosse-senter med Kvam herad, Fosse-stiftinga og Vestland fylkeskommune som prosjekteigarar, til vitende.
2. Vestland fylkeskommune tek på seg ansvaret for prosjektleiinga.
3. Vestland fylkeskommune viser til tidlegare løyving frå KUP-ordninga, og vedtek at inntil 100 000 kroner vert nytta til forprosjektet for Jon Fosse-senter som Vestland fylkeskommune sin del.

Samandrag

Sidan Jon Fosse fekk Nobels litteraturpris hausten 2024 har fleire satsingar vorte aktualiserte, m.a. arbeidet til Fosse-stiftinga i Strandebarm og utgreiinga av eit Fosse-senter. Denne saka er ei oppfølging av vedtak i fylkesutvalet 04.04, PS 24/81, og gjeld forprosjekt som skal greie ut og skissere moglegheiter for eit slikt senter.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør**Per Morten Ekerhovd**
direktør
kultur og folkehelse (KFO)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har tidlegare vedteke å støtte arbeidet med formidling av Jon Fosse i heimbygda Strandebarm og eit Jon Fosse-senter. Spørsmålet vart lagt fram for hovudutval for kultur, idrett og inkludering 13.03 og fylkesutvalet 04.04, PS 24/81, der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Vestland fylkeskommune støttar det einstemmige vedtaket i Kvam herad datert 02.01.2024 om å byggja Jon Fosse-tunet i Strandebarm.
2. Vestland fylkeskommune meiner at det er naudsynt med eit forprosjekt for å sikre arbeidet og utviklinga vidare.
3. Vestland fylkeskommune er villige til å vere prosjekteigar i eit forprosjekt saman med Kvam herad og Fosse-stiftinga.

I samsvar med politiske vedtak er administrasjonen i Vestland fylkeskommune i dialog med Fosse-stiftinga og Kvam herad. 8. mai møttest partane i Strandebarm for synfaring og drøfting av forprosjekt.

Stiftinga har allereie lagt ein del konkrete planar i lokalmiljøet i Strandebarm, og er i kontakt med andre aktørar i høve bygg/eigedommar som er aktuelle for bruk i eit senter. Likevel er få av desse planane såpass konkrete at ein kan si kva eit slikt senter skal vere, kva som vil vere dei økonomiske konsekvensane, eller korleis offentlege styremakter og sivilsamfunnet kan bidra til realisering av tiltaka.

Forprosjektet bør drøfte desse spørsmåla:

1. **Målsetting:**
 - Kva ynskjer ein med eit senter?
 - Kva funksjonar bør eit senter ha?
2. **Interessefellesskap:**
 - Kartlegging av målgruppene
 - Kartlegging av aktørar som kan bidra til saka (organisasjonar, fagmiljø ol.)
3. **Organisering (investeringar og drift):**
 - Kva fysiske tiltak er nødvendig for at eit «senter» fungere?
 - Mogeleg organisasjon- og driftsform
 - Finansiering
4. **Vidare tiltak:**
 - Tilråding for vegen vidare (hovudprosjekt)

Forprosjektet må avklare korleis ein kan sikre gode og realistiske planar for utvikling og drift av eit senter, greie ut kva som er eit realistisk omfang av evt investeringar, og skissere korleis desse kan løysast. Realistiske driftsplanar er naudsynte.

Det er særleg viktig å kartlegge korleis ein lukkast med å sikre kvalitet i innhald. I forprosjektet bør relevante samarbeidspartar som t.d. Nynorsk kultursentrum, Norsk Forfattersentrum Vestland og Skrivekunstakademiet delta. Det same gjeld krefter i lokalmiljøet i Strandebarm, skulane, Hardanger og Voss museum mv,

- Det skal tilsettast prosjektleiar snarast i eit engasjement som svarer til om lag 3 månaders full stilling.

- Forprosjektet startar opp så raskt som råd og vert slutført innan midten av oktober.
- Prosjektet delast inn i fire faser (sjå over)

Fosse-stiftinga sendte i november 2023 søknad til fylkeskommunen om støtte til prosjektleiar på fast basis. Søknaden om støtte til prosjektleiar vart lagt fram i samsak for fylkesutvalet i april, jf vedtekte rutinar for opne søknader. Saka var då vedteke utsett. Fylkesdirektøren rår til at dette vert finansiert ved omprioritering av ubrukt løyving frå kulturelt utviklingsprogram (KUP).

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har mynde til å vedta løyvingar innan ramma av sin rådveldekonto.

Medverknad

Ingen medverknadsorgan har vore involvert i saka.

Vurderingar og verknader

Formidling og ivaretaking av Jon Fosse sine verk og liv er ei viktig oppgåve der fylkeskommunen må ta ansvar. Denne saka gjeld eit forprosjekt som skal greie ut og skissere dette i forhold til initiativa som no er i Fosse si heimbygd Strandebarm.

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Hovudarbeidet vil verte gjort av ein ekstern fagperson på engasjement for Fosse-stiftinga, og dei 100 000 kronene som er tilrådd løyvd skal gå til fylkeskommunen sin del i dette. Dersom søknaden ikkje vert innvilga, rår fylkesdirektøren til at dette vert finansiert ved omprioritering av ubrukt løyving frå tilskotsordninga kulturelt utviklingsprogram (KUP) i 2022.

Det vil i tillegg verte eit visst ekstra ansvar for nokre i administrasjonen i fylkeskommunen for å følgje opp forprosjektet.

Fylkeskommunen må vere budd på å ta eit større økonomisk ansvar for eit evt vidare hovudprosjekt.

Klima:

Dette forprosjektet har ingen innverknad på klima.

Folkehelse:

Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Saka støtter opp under satsingar i regional kulturplan, Kultur bygger samfunn, særleg satsinga på Vestland som ein leiande kulturregion.

Konklusjon

Formidling og ivaretaking av Jon Fosse sine verk og liv er ei viktig oppgåve der fylkeskommunen har eit ansvar som regional utviklingsaktør. Det er viktig å gjennomføre eit grundig forprosjekt for å greie ut og skissere dette i forhold til initiativa som no er i Fosse si heimbygd Strandebarm, og for å legge eit godt fagleg og realistisk grunnlag for det vidare arbeidet.